



St.prp. nr. 14

(2004–2005)

Om endringar på statsbudsjettet for 2004 under diverse kapittel administrerte av Justis- og politidepartementet

*Tilråding frå Justis- og politidepartementet av 12. november 2004,
godkjent i statsråd same dagen.
(Regjeringa Bondevik II)*

1 Innleiing

Justisdepartementet legg i denne proposisjonen fram forslag om endringar i løyvingane under diverse kapittel i statsbudsjettet for 2004. Forslaga om endringar i løyvinga på nokre av dei regelbundne postane er mellom anna baserte på rekneskapstal pr. 30. september 2004. Departementet vil understreke at tala for forbruk på dei regelbundne postane berre er prognosar, og at dei endelege rekneskapstala kan avvike ein del frå desse prognosane.

2 Forslag om endringar

Kap. 400 Justisdepartementet

Post 01 Diverse utgifter

Som ein delvis inndekning av meirbehovet under kap. 455, post 21 og kap. 460, post 01 på til saman 6,4 mill. kr, blir det foreslått å redusere løyvinga under kap. 400, post 01 med 1,5 mill. kr.

Kap. 3400 Justisdepartementet

Post 01 Diverse inntekter

Løyvinga på kap. 400, post 71 dekkjer tilskot til internasjonale organisasjonar under Justisdepartementet sitt saksfelt. Den ODA-godkjende delen av bidraget til World Intellectual Property Organization (WIPO) blir refundert frå Utanriksdepartementet. Denne delen er redusert frå 30 % til 2,8 %. Utanriksdepartementet har difor berre refundert kr 74 802 til Justisdepartementet i 2004. På bakgrunn av dette foreslår Justisdepartementet å redusere løyvinga på kap. 3400, post 01 med 0,633 mill. kroner.

Kap. 61 Høgsterett

Post 01 Driftsutgifter

Som følgje av at arbeidet med Høgsterett si historie er avslutta, vil det ikkje lenger vere utgifter i samband med dette. Justisdepartementet foreslår difor å redusere løyvinga under kap. 61, post 01 med 0,8 mill. kroner mot ein tilsvarande auke på kap. 410, post 01, jf. omtale under kap. 410, post 01.

Kap. 410 Tingsrettene og lagmannsrettene

Post 01 Driftsutgifter

Justisdepartementet foreslår å auke løyvinga under kap. 410, post 01 med 0,8 mill. kroner, jf. omtale under kap. 61, post 01.

Kap. 3410 Rettsgebyr

Post 01 Rettsgebyr

Oppdaterte tal frå Brønnøysundregistra viser at talet på tvangsavviklingar i 2004 som følgje av at fristen for aksjeselskapa til å setje opp aksjekapitalen gjekk ut ved utløpet av 2003, vert lågare enn venta, jf. omtale under kap. 475. Justisdepartementet foreslår difor å redusere løyvinga under kap. 3410, post 01 med 5,9 mill. kroner.

Kap. 430 Kriminalomsorga si sentrale forvaltning

Post 01 Driftsutgifter/post 70 Tilskot

Ved handsaminga av budsjettframlegget for 2004 i Stortinget blei løyvinga under kap. 430 Kriminalomsorga si sentrale forvaltning, post 01 Driftsutgifter auka med 10 mill. kroner (jf. Budsjett-Innst. S. nr. 4 (2003-2004). 1 mill. kroner av aukinga skulle bli nytta til auka bruk av tenester frå Alternativ til vold (ATV).

Ved handsaminga av revidert nasjonalbudsjett 2004 vedtok Stortinget å auke løyvinga under kap. 430 Kriminalomsorga si sentrale forvaltning, post 01 Driftsutgifter med 10 mill. kroner. På bakgrunn av budsjettavtala mellom Arbeidarpartiet og partia i Regjeringa blei tilskotet til Kirkens Sosialtjeneste auka med 0,4 mill. kroner.

Tilskota er utbetalt under kap. 430, post 70 Tilskot.

Som ein delvis inndekning av meirbehovet under kap. 455, post 21 og kap. 460, post 01 på til saman 6,4 mill. kr, blir det foreslått å redusere løyvinga under kap. 430, post 01 med 1 mill. kr.

Post 45 Større kjøp og vedlikehald av utstyr, kan overførast

Som ein delvis inndekning av meirbehovet under kap. 455, post 21 og kap. 460, post 01 på til saman 6,4 mill. kr, blir det foreslått å redusere løyvinga under kap. 430, post 45 med 0,3 mill. kr.

Post 60 Refusjonar til kommunane, forvaringsdømde mv.

På bakgrunn av rekneskapstal hittil i år foreslår Justisdepartementet å setje ned løyvinga under kap. 430, post 60 Refusjonar til kommunane, forvaringsdømde mv. med 12 mill. kroner.

Kap. 440 Politidirektoratet – politi- og lensmannsetaten

Post 01 Driftsutgifter

Ved handsaminga av revidert nasjonalbudsjett 2004 vedtok Stortinget å auke løyvinga til politiet. Trass i denne auken, er politibudsjettet i 2004 framleis svært stramt.

Den siste tida har ein sett auka omsynsløyse og råskap i dei kriminelle miljøa, m.a. ved gjennomføring av fleire grove ran, også med tap av menneskeliv som ein tragisk konsekvens. Det er difor viktig å sikre tryggleiken for politiet så langt det er mogeleg, m.a. gjennom betre utstyr og materiell for sikring og vern. Den stramme budsjettsituasjonen for politiet i 2004 gjer at ein ikkje finn å kunne dekke inn ekstrautgifter ved omdisponeringar, kostnadsreducerande tiltak m.m. innfor eksisterande ramme for politiet.

Ranet av Norsk Kontantservice i Stavanger

Ranet av Norsk Kontantservice og drapet på ein tenestemann i Rogaland politidistrikt krev store ressursar i samband med etterforskning og oppfølging. I revidert nasjonalbudsjett 2004 vart difor politibudsjettet styrka med 40 mill. kroner til dette føremålet. Regjeringa melde samstundes at det på det tidspunktet var usikkert kor store samla løyvingar det ville bli trong for, og at Justisdepartementet ville kome attende til saka på høveleg vis, dersom det skulle bli nødvendig.

Samla meirkostnader i 2004 for politiet etter ranet av Norsk Kontantservice er rekna til om lag 50 mill. kroner, dvs 10 mill. kroner meir enn styrkinga som vart gitt gjennom revidert nasjonalbudsjett 2004. Hovudgrunnen til dette er at aktiviteten i alibiprojektet har blitt vesentleg større enn venta. Justisdepartementet foreslår ei tilleggsløyving på 9 mill. kroner for å dekke delar av meirkostnadene.

Etterforskning og oppfølging vil også krevje ressursar i 2005. Justisdepartementet vil om nødvendig kome attende til saka på høveleg måte.

Kommunikasjonskontroll blir brukt i alle store saker. I samanheng med ranet av Norsk Kontant-

service har politiet drive auka spaning, etterretning og kommunikasjonskontroll også i ei rekkje andre alvorlege saker. Justisdepartementet foreslår ei tilleggsøyving på 6 mill. kroner til å dekke desse kostnadene.

Behov for nytt materiell og utstyr

I revidert nasjonalbudsjett 2004 opplyste Regjeringa at Politidirektoratet har sett ned ei hurtigarbeidande gruppe som m.a. skulle vurdere trongen for nytt og betre utstyr til politiet. Bruk av såkalla pansra køyretøy skulle inngå i denne vurderinga. Justisdepartementet ville om nødvendig kome attende til dette på høveleg måte.

Det er nødvendig å skaffe nytt utstyr og materiell for å gjere politiet betre rusta til å sikre og verne verdiar og personell i samband med Noregs Bank sine pengetransportar.

I tillegg treng politidistrikt køyretøy som kan vernast mot skot. Dette er eit viktig tiltak for å tryggje politiet.

Justisdepartementet tek sikte på å lease nødvendige tungt verna køyretøy og køyretøy som kan vernast mot skot, og vil kome attende til saka på høveleg måte.

Maskinlesbare pass

I 2004 vert det skrive ut vesentleg fleire pass enn venta. Både utgifter og inntekter som knyter seg til dette har difor auka. Justisdepartementet foreslår å auke løyvinga med 16,4 mill. kroner til deking av meirutgifter knytt til produksjon av fleire maskinlesbare pass.

Overføring frå kap. 442 Politihøgskulen

Som følgje av at særskilt opplæring og trening av mannskap knytt til uttrykkingseiningar i løpet av 2004 er overført frå Politihøgskulen til politidistrikta, foreslår ein å auke kap. 440, post 01 med 3 mill. kroner mot ein tilsvarande reduksjon under kap. 442, post 01, jf. omtale under kap. 442.

Overføring til kap. 441 Oslo politidistrikt

I St.prp. nr. 63 (224-2005) vart det meld at Justisdepartementet ville kome attende til fordelinga mellom kap. 440 Politidirektoratet – politi og lensmannsetaten og kap. 441 Oslo politidistrikt i samband med Stortinget sitt vedtak om tilleggsøyving for m.a. å tilverke at nyutdanna polititenestemenn og -kvinner får arbeid i etaten, jf. Innst. S.

nr. 250 (2003-2004). På bakgrunn av dette foreslår Justisdepartementet å redusere løyvinga under kap. 440, post 01 med 1,9 mill. kroner mot ein tilsvarande auke på kap. 441, post 01, jf. omtale under kap. 441.

Asyl- og utlendingsfeltet

Justisdepartementet foreslår å auke løyvinga på kap. 440, post 01 med 5 mill. kroner, mot ein tilsvarande reduksjon av kap. 440, post 21, jf. omtale under kap. 440, post 21.

Samla forslag om tilleggsøyving på kap. 440, post 01 blir etter dette 37,5 mill. kroner.

Post 21 Spesielle driftsutgifter

Politiet sine utgifter i samband med asyl- og utlendingssaker vert delvis dekkja over kap. 440, post 01 og delvis over kap. 440, post 21. Det er nødvendig å justere noko på fordelinga mellom postane. Justisdepartementet foreslår difor å redusere løyvinga under kap. 440, post 21 med 5 mill. kroner, mot ein tilsvarande auke på kap. 440, post 01, jf. omtale under kap. 440, post 01.

Kap. 3440 Politidirektoratet – politi- og lensmannsetaten

Post 01 Gebyr

På bakgrunn av rekneskapstal hittil i år og venta utvikling for passinntekter foreslår Justisdepartementet å auke løyvinga på kap. 3440, post 01 med 100 mill. kroner.

Kap. 441 Oslo politidistrikt

Post 01 Driftsutgifter

Justisdepartementet foreslår å redusere løyvinga på kap. 440, post 01 med 1,9 mill. kroner mot ein tilsvarande auke på kap. 441, post 01, jf. omtale under kap. 440.

Kap. 442 Politihøgskulen

Post 01 Driftsutgifter

Justisdepartementet foreslår å redusere løyvinga på kap. 442, post 01 med 3 mill. kroner mot ein tilsvarande auke på kap. 440, post 01, jf. omtale under kap. 440.

Kap. 443 Oppfølging av innsynslova*Post 01 Driftsutgifter*

Som ein delvis inndekning av meirbehovet under kap. 455, post 21 og kap. 460, post 01 på til saman 6,4 mill. kr, blir det foreslått å redusere løyvinga under kap. 443, post 01 med 0,5 mill. kr.

Kap. 455 Redningstenesta*Post 01 Driftsutgifter*

Overføring av budsjettansvaret for redningshelikoptertenesta frå Forsvarsdepartementet til Justisdepartementet

Justisdepartementet overtok frå og med 2004 budsjettansvaret for redningshelikoptertenesta levert av Luftforsvaret sin 330 skvadron. I den samanheng har det skjedd ein teknisk feil. Justisdepartementet foreslår difor å auke løyvinga under kap. 455, post 01 med 18,35 mill. kroner i 2004. Departementet vil kome attende til konsekvensane for 2005 i samband med revidert nasjonalbudsjett 2005.

Kontinuerleg døgnvakt på Sola

Ei kontinuerleg døgnvakt ved redningshelikopterbasen på Sola vart etablert frå 01.06.2004. Ordninga har m.a. ført til endringar i legeberedskapen, som på Sola er berekna til å utgjøre ein heilårskostnad på 3,6 mill. kroner. Meirkostnadene i 2004 er berekna til 2,1 mill. kroner. Justisdepartementet foreslår derfor ein reduksjon på kap. 455, post 01 på 2,1 mill. kroner mot ei tilsvarende auke på Helse- og omsorgsdepartementet sitt kap. 732, post 73.

Heilårseffekten på 3,6 mill. kroner er rammeoverført frå Justisdepartementet til Helse- og omsorgsdepartementet sitt budsjett frå og med 2005.

Som ein delvis inndekning av meirbehovet under kap. 455, post 21 og kap. 460, post 01 på til saman 6,4 mill. kr, blir det foreslått å redusere løyvinga under kap. 455, post 01 med 2,5 mill. kr.

Post 21 Spesielle driftsutgifter

Posten omfattar utgifter til å engasjere private selskap, for eksempel helikopterselskap og frivillige redningsorganisasjonar i det einskilde redningstilfellet, refusjon til frivillige hjelpearar for innsats i redningstenesta, forbruk og erstatning av tapt materiell m.m. Det er vanskeleg å estimere for-

bruket på posten, då utgiftene varierer med talet på og omfang av redningsaksjonar.

Det vil bli eit meirforbruk på posten i 2004. Dette skuldast store utgifter for Hovudredningsentralen Sør-Noreg, mellom anna i samband med Rocknesaksjonen (om lag 2 mill. kroner) og auke i talet på søkje- og redningsoperasjonar i 2004 samanlikna med 2003. Det har også vore ein del langvarige søkje- og redningsaksjonar med store mannskapsstyrker. I tillegg er andre halvår vanlegvis meir ressurskrevjande grunna sommaraksjonar, hauststormar o.a.

På bakgrunn av rekneskapstal hittil i år og forventta utvikling foreslår Justisdepartementet å auke løyvinga på kap. 455, post 21 med 4,4 mill. kroner, jf. omtale under kap. 400, 430, 443 og 475.

Kap. 460 Dei særskilde etterforskningsorgana*Post 01 Driftsutgifter*

Dei særskilde etterforskningsorgana (SEFO) skal leie etterforskinga av om ein tilsett i politiet eller påtalemakta har gjort ei straffbar handling i teneste. Det vil bli oppretta eit nytt sentralt organ, Spesialeininga for politisaker, med hovudkontor i Hamar-området. Endringa vil tre i kraft frå 01.01.2005.

På bakgrunn av rekneskapstal og pårekna utvikling blir det foreslått å auke løyvinga under kap. 460, post 01 med 2 mill. kroner, jf. omtale under kap. 400, 430, 443 og 475.

Kap. 466 Særskilde straffesaksutgifter m.m.*Post 01 Driftsutgifter*

Løyvinga på posten dekkjer utgifter til advokatar, sakkunnige og tolkar i straffesaker etter straffeprosesslova kapittel 9 og 9 a. Dei totale utgiftene på kapitlet avheng av talet på straffesaker, omfanget av sakene og storleiken på den offentlege salærsatsen. Utgiftene på posten er regelbundne.

Ut frå rekneskapstal og pårekna utvikling blir det foreslått å auke løyvinga under kap. 466, post 01 med 10 mill. kroner.

Kap. 470 Fri rettshjelp*Post 71 Fritt rettsråd*

Løyvinga på posten dekkjer utgifter til advokatar

og rettshjelparar i saker der det er gjeve fritt rettsråd. Utgiftene er regelbundne.

På bakgrunn av rekneskapstal og pårekna utvikling blir det foreslått å auke løyvinga under kap. 470, post 71 med 10 mill. kroner.

Kap. 3470 Fri rettshjelp

Post 01 Eigendel m.m.

Ordninga med eigendel for fri rettshjelp blei avskaffa frå 01.09.2003. Rekneskapstal pr. 31.08.2004 viser ei meirinntekt på posten. Dette har truleg si årsak i ein tregleik i systemet i samband med omlegginga. På denne bakgrunn blir det foreslått å auke løyvinga på kap. 3470, post 01 med 5 mill. kroner.

Kap. 471 Staten sitt erstatningsansvar

Post 71 Erstatningsansvar m.m., overslagsløyving

Løyvinga på posten dekkjer utbetalingar som følgje av staten sitt erstatningsansvar på grunnlag av alminnelege erstatningsreglar, med unntak av ansvar i kontraktforhold og ansvar i samband med forretningsdrifta til staten. Utgiftene på posten er regelbundne, og har stikkordet overslagsløyving.

På bakgrunn av rekneskapstal hittil i år og forventta utvikling foreslår Justisdepartementet å auke løyvinga under kap. 471, post 71 med 8 mill. kroner.

Kap. 474/3474 Konfliktråd

Post 01 Driftsutgifter/Post 01 Diverse inntekter

Tidlegare fordelte Justisdepartementet løyvinga til konfliktråda via fylkesmennene over kap. 474 Konfliktråd, post 60 Overføring til kommunane. Frå 01.01.2004 blei arbeidsgjevaransvaret overført til Sekretariatet for konfliktråda i samband med at staten overtok ansvaret for konfliktråda. I motsetning til staten set kommunane av feriepengar i eit fond i oppteningsåret, og betalar dei ut året etter. Kommunane overfører difor avsetjing av feriepengar for 2004 til Sekretariatet for konfliktråda. Kommunane overfører også ubrukke midlar frå 2003. Dette er midlar som blei fordelte til kommu-

nane for 2003 og dermed ført ut av rekneskapen til staten.

På denne bakgrunn blei det i samband med Stortinget si handsaming av St.prp. nr. 63 (2003-2004), jf. Innst. S. nr. 250 (2003-2004), vedteke å opprette ein ny inntektspost post 01 Diverse inntekter under kap. 3474, og å auke løyvinga parallelt under kap. 474, post 01 og kap. 3474, ny post 01 med 2,8 mill. kroner. Anslaget over inntekter for 2004 var usikkert på grunn av at Sekretariatet for konfliktråda ikkje hadde fått tilbakemelding frå alle vertskommunane. Nye opplysingar tilseier at inntektene for 2004 vil kome opp i 3,8 mill. kroner. Justisdepartementet foreslår difor å auke løyvinga under kap. 474, post 01 og kap. 3474, post 01 med 1 mill. kroner.

Kap. 475 Buhandsaming

Post 01 Driftsutgifter

Løyvinga på posten dekkjer staten sine utgifter i samband med handsaminga av saker om tvangsoppløysing av aksjeselskap og saker om konkurs etter konkurslova § 73. Utgiftene på posten er regelbundne.

Oppdaterte tal frå Brønnøysundregistra viser at talet på tvangsavviklingar i 2004 som følgje av at fristen for aksjeselskapa til å setje opp aksjekapitalen gjekk ut ved utløpet av 2003, vert lågare enn venta. Ved handsaminga av revidert nasjonalbudsjett 2004 vedtok Stortinget å redusere løyvinga under kap. 475, post 01 som følgje av oppdaterte tal frå Brønnøysundregistra på tvangsoppløysingar i 2004, jf. St.prp. nr. 63 (2003-2004) og Innst. S nr. 250 (2003-2004). Det blei i denne samanheng rekna med at 1 000 selskap ville bli tvangsavvikla i 2004. I samsvar med nye oppdateringar frå Brønnøysundregistra legg Justisdepartementet no til grunn at om lag 470 selskap vil bli tvangsavvikla i 2004.

På denne bakgrunn foreslår Justisdepartementet å redusere løyvinga under kap. 475, post 01 med 7,4 mill. kroner. Ein foreslår også å redusere løyvinga under kap. 3410, post 01 med 5,9 mill. kr, jf. omtale under kap. 3410, post 01. Justisdepartementet foreslår å omdisponere 0,6 mill. kr av netto innsparing på totalt 1,5 mill. kr til kap. 455, post 21 og kap. 460, post 01, jf. omtale under kap. 455, post 21 og kap. 460, post 01.

3 Andre saker

Pantebokregister

I St.meld. nr. 13 (2001-2002) tilrødde Justisdepartementet at arkivet med pantebøkene blei lokalisert og sentralisert til Ullensvang. Stortinget gjorde 12.06.2002 vedtak nr. 393 om å be Regjeringa opprette eit sentralt pantebokregister i Ullensvang herad.

Pantebøkene blir i stor grad nytta i handsaminga av tinglysingssakene. Den teknologiske utviklinga tilseier at det vil vere meir rasjonelt og effektivt å skanne framtidige pantebokdokument under sakshandsaminga, slik at dei blir elektronisk tilgjengelege. Dei eksisterande pantebokdokumenta skal avleverast frå tingrettane på dei tidspunkta då tinglygingsmyndigheita blir overført til Statens kartverk, og dei bør vere skanna i løpet av 10 – 12 år. At desse dokumenta blir skanna, inneber óg betre service ovanfor publikum. Etter ei totalvurdering meiner departementet at skanninga av eksisterande pantebokdokument vil bli meir kostnadseffektiv enn kva som har blitt lagt til grunn tidlegare. Ved innføring av elektroniske dokument i tinglysinga vil omfanget av papirkopi bli monaleg redusert. Arbeidsplassar knytt til pantebokregisteret i Ullensvang vil difor bli mindre over tid og ikkje vare lenger enn 10 – 12 år. Det er difor nødvendig å etablere alternative løysingar for å sikre varige arbeidsplassar i Ullensvang.

Justisdepartementet rår difor til at det i Ullensvang blir oppretta eit servicesenter for tinglysinga kombinert med brukarstøtte og svarteneste for matrikkelen. Totalt vil dette gje 13 – 14 varige arbeidsplassar i Ullensvang. Dette er stillingar som elles ville blitt knytt til Statens kartverk sitt hovudkontor på Hønefoss. Departementet har vore i tett dialog med Ullensvang herad i prosessen.

Justisdepartementet og Miljøverndepartementet vil halde fram med dialogen med Ullensvang herad for å sjå på moglegheita for å utvikle servicesenteret ytterlegare.

Stortinget har ved handsaminga av St.meld. nr. 30 (2002-2003) «Norge digitalt – et felles fundament for verdiskaping» vedteke store omorganiseringar i Statens kartverk. Dette har frigjort lokale og bygningsmasse ved Statens kartverk, og har skapt ein ny situasjon i høve til då vedtaket om pantebokregisteret i Ullensvang blei gjort. Sett i lys av den teknologiske utviklinga og den nye situasjonen som har oppstått, finn Justisdepartementet det mest formålstenleg at desse lokala hos Statens kartverk blir nytta til pantebokregisteret. Dette inneber at det ikkje er nødvendig å byggje eit nytt spesialtilpassa bygg i Ullensvang til pantebokregisteret. Eventuelle nye lokale for Hardanger tingrett, høyrer under Domstoladministrasjonen.

Dei framtidige årlege meirkostnadene blir redusert med om lag 3,4 mill. kroner ved å nytte eksisterande lokale hos Statens kartverk framfor å leggje pantebokregisteret til Ullensvang. Over ein periode på 10 – 12 år blir dei samla meirkostnadene redusert med om lag 35 – 40 mill. kroner.

Forslaget inneber ingen budsjettmessige konsekvensar for 2005 utover kva det er gjort framlegg om i St.prp. nr. 1 (2004-2005) på kap. 412. Justisdepartementet legg opp til å starte etableringa av eit servicesenter i Ullensvang ved årsskiftet 2005/2006.

Departementet rår til at det blir oppretta eit servicesenter for tinglysinga i Ullensvang herad, og at sentralarkivet for panteboka blir lagt til Statens kartverk sitt hovudkontor i Ringerike kommune, jf. forslag til vedtak.

Justis- og politidepartementet

tilrår:

At Dykkar Majestet godkjenner og skriv under eit framlagt forslag til proposisjon til Stortinget om endringar på statsbudsjettet for 2004 under diverse kapittel administrerte av Justis- og politidepartementet.

Vi HARALD, Noregs Konge,

stadfester:

Stortinget blir bedt om å giere vedtak om endringar på statsbudsjettet for 2004 under diverse kapittel administrerte av Justis- og politidepartementet i samsvar med eit vedlagt forslag.

Forslag til vedtak om endringer på statsbudsjettet for 2004 under diverse kapittel administrerte av Justis- og politidepartementet

I

I statsbudsjettet for 2004 blir det gjort følgende endringer:

Utgifter:

Kap.	Post	Formål	Kroner
61		Høgsterett (jf. kap. 3061)	
	01	Driftsutgifter, blir redusert med..... frå kr 53 028 000 til kr 52 228 000	800 000
400		Justisdepartementet (jf. kap. 3400)	
	01	Driftsutgifter, blir redusert med..... frå kr 201 235 000 til kr 199 735 000	1 500 000
410		Tingrettane og lagmannsrettane (jf. kap. 3410)	
	01	Driftsutgifter, blir auka med frå kr 1 185 535 000 til kr 1 186 335 000	800 000
430		Kriminalomsorgen si sentrale forvaltning (jf. kap. 3430)	
	01	Driftsutgifter, blir redusert med..... frå kr 1 712 913 000 til kr 1 711 913 000	1 000 000
	45	Større kjøp av utstyr og vedlikehald, kan overførast, blir redusert med..... frå kr 85 545 000 til 85 245 000	300 000
	60	Refusjonar til kommunane, forvaringsdømde mv., kan overførast, blir redusert med frå kr 22 340 000 til kr 10 340 000	12 000 000
440		Politidirektoratet – politi- og lensmannsetaten (jf. kap. 3440)	
	01	Driftsutgifter, kan nyttast under kap. 441, post 01, blir auka med..... frå kr 5 898 543 000 til kr 5 936 043 000	37 500 000
	21	Spesielle driftsutgifter, blir redusert med frå kr 96 074 000 til kr 91 074 000	5 000 000
441		Oslo politidistrikt (jf. kap. 3441)	
	01	Driftsutgifter, kan nyttast under kap. 440, post 01, blir auka med..... frå kr 1 219 322 000 til kr 1 221 222 000	1 900 000
442		Politi høgskulen (jf. kap. 3442)	
	01	Driftsutgifter, blir redusert med..... frå kr 204 680 000 til kr 201 680 000	3 000 000
443		Oppfølging av innsynslova	
	01	Driftsutgifter, blir redusert med..... frå kr 7 332 000 til kr 6 832 000	500 000

Kap.	Post	Formål	Kroner
455		Redningstenesta (jf. kap. 3455)	
	01	Driftsutgifter, blir auka med frå kr 340 929 000 til kr 354 679 000	13 750 000
	21	Spesielle driftsutgifter, blir auka med..... frå kr 5 640 000 til kr 10 040 000	4 400 000
460		Dei særskilde etterforskningsorgana	
	01	Driftsutgifter, blir auka med frå kr 8 267 000 til kr 10 267 000	2 000 000
466		Særskilde straffesaksutgifter m.m.	
	01	Driftsutgifter, blir auka med frå kr 553 700 000 til kr 563 700 000	10 000 000
470		Fri rettshjelp (jf. kap. 3470)	
	71	Fritt rettsråd, blir auka med frå kr 238 500 000 til kr 248 500 000	10 000 000
471		Staten sitt erstatningsansvar	
	71	Erstatningsansvar m.m., overslagsløyving, blir auka med..... frå kr 74 880 000 til kr 82 880 000	8 000 000
474		Konfliktråd	
	01	Driftsutgifter, blir auka med frå kr 39 374 000 til kr 40 374 000	1 000 000
475		Bohandsaming	
	01	Driftsutgifter, blir redsert med..... frå kr 63 028 000 til kr 55 628 000	7 400 000

Inntekter:

Kap.	Post	Formål	Kroner
3400		Justisdepartementet (jf. kap. 400)	
	01	Diverse inntekter, blir redusert med	633 000
		frå kr 707 000 til kr 74 000	
3410		Rettsgebyr (jf. kap. 410)	
	01	Rettsgebyr, blir redusert med.....	5 900 000
		frå kr 1 351 468 000 til kr 1 345 568 000	
3440		Politidirektoratet – Politi- og lensmannsetaten (jf. kap. 440)	
	01	Gebyr, blir auka med	100 000 000
		frå kr 298 540 000 til kr 398 540 000	
3470		Fri rettshjelp (jf. kap. 470)	
	01	Eigenandel m.m., blir auka med.....	5 000 000
		frå kr 4 994 000 til kr 9 994 000	
3474		Konfliktråd	
	01	Diverse inntekter, blir auka med	1 000 000
		frå kr 2 800 000 til kr 3 800 000	

II

Stortinget samtykkjer i at:

1. Det blir oppretta eit servicesenter for tinglysinga i Ullensvang herad.
2. Sentralarkivet for panteboka blir lagt til Statens kartverk sitt hovudkontor i Ringerike kommune.

=====